

Grunnige spørsmål til ordføraren

Overfiske med ringnot og bruk av lysbåt i Austefjorden i 2018

Siste halvåret i 2018 har det vore stor aktivitet for å få tak i sild og hestemakrell som har tilhald i inste Austefjorden. Eit ukjent tal tonn har vore ført herifrå av ringnotfartøy. Fiskeriet har gått føre seg innafor ein terskel i fjorden ved Åset. Denne inste delen av fjorden innanfor terskelen har ca. 55 – 60 meter djupne. Det vart kasta heilt inn i elveosen til Austefjordvassdraga ved utløpet til Fyrdselva og Sundalselva. Desse er lakseførande vassdrag. Frå hausten 2018 vart det i ei lang periode teke i bruk lys for å få fangst. Ved fleire høve har det vore observert daud fin sei i fjøra og i sjøen.

Eg har vorte kontakta av innbyggjarar i Austefjorden som har observert dette på nært hald og som arbeider grundig med sakar basert på lokal kunnskap og erfaring gjennom mange generasjoner. Det har vore og er eit betydeleg engasjement med underskriftslistar og kontakt både mot Volda kommune, fylkesmannen og fiskeridirektoratet. Saka har vore presentert i lokale- og sosiale medier. Og eg kjenner til at Volda kommune og ordførar alt er presentert for desse utfordringane.

Denne type fiskeri med moderne og effektive reiskap vart mogleg etter at mellom anna forbod mot lysfiske vart oppheva i 2017. Sjølv om denne verksemda no er lovleg, har denne dereguleringa fått betydelege skadeverknader med uheldige konsekvensar. Det mest alvorlege er at lokale fiskestammer forsvinn. Dette gjeld både botnfisk av ulikt slag og lokale sildestammer som det tek fleire 10 år å bygge opp igjen.

Eldre folk hugsar tilbake 50-60 år og veit korleis det var då store båtar med snurpenot og lys tømde fjorden for fisk. Etter om lag 60 år med reguleringar har ein dei seinare åra nærma seg ein balanse i bestandane i denne delen av fjorden.

Det var lenge ein gamal tradisjon med fikse med landnot i Austefjorden. Dette var berekraftig forvaltning av ressursane i sjøen. Fjordfiske til privat bruk og som rekreasjon er av stor verdi for mange. Det same gjeld sjølvsagt også for fiske etter laks i elvane.

KrF tek også det lokale forvaltaransvaret på alvor. Det fiskeriet som har vore i inste del av Austefjorden dei siste månadane er ikkje berekraftig forvaltning av ressursane i fjorden. Det er sannsynleg at slikt fiske kan gå føre seg i dei andre fjordane i vår kommune og tilsvarande i store delar av landet. Volda kommune har på vegen av innbyggjarane eit ansvar for å utøve lokalt mynde. Dette kan i denne samanhengen vere å varsle ansvarlege myndighetsorgan..

Frå Volda KrF vil krava vere at denne typen ringnot og lysfiske vert forbode i tronge og grunne fjordar med omsyn til lokal botnfisk og lokale sildestammer. Likeins at slikt fiske i elveosar vert forbode med omsyn til laks- og elvefiske.

Kva vil Volda kommune og ordføraren gjere for å synleggjere dei uheldige konsekvensane av den lovbestemte utryddinga av lokale fiskeressursar i fjordane?

24. januar 2019

Arild Iversen
Volda KrF

SVAR PÅ GRUNNGJEVE SPØRSMÅL FRÅ ARILD IVERSEN:

Overfiske med ringnot og bruk av lysbåt i Austefjorden i 2018

Arild Iversen peikar på utfordringane knytt til fiskemetodar for fangst av sild og hestemakrell spesielt i Austefjorden, men og i andre fjordar. Eg vil takke grendalag og initiativtakrar i Austefjorden for det store engasementet og den gode dokumentasjonen vi har fått.

Volda kommune støttar initiativet og har den 23.1 send brev til fiskeridirektoratet med denne ordlyden, vi har endå ikkje fått svar:

Sak nr. 18/17946 Austefjorden i Volda kommune, Møre og Romsdal

Overfiske med ringnot og bruk av lysbåt i Austefjorden 2018

Volda kommune vil vise til skriv av 18.12.2018 frå m.a. Austefjord grendalag og støttar fullt ut vurderingane og tilrådingane frå lokalsamfunnet.

Vi vil vise til at Volda kommune ikkje har blitt varsle om eller har hatt høve til å gi uttale om oppheving av forbodet mot lysing og ringnot innafor grense Skårneset – Årset.

Vi gjer også merksam på at også andre område i Volda kommune er sårbare for overfiske.

I tillegg til at vi støttar initiativet frå grendalaget med fleire ved aktivt å følgje opp saka i forhold til fiskerimyndene, ser vi nærmere på kva høve vi har til å bruke plan- og bygningslova til å regulere arealbruken i dei aktuelle områda. Lova gir gode høve til å styre arealbruken i fjordane knytt til fiskeoppdrett, men er meir uklar når det gjeld yrkesfiske.

I samband med oppstart av arbeidet med arealdelen av kommuneplanen har vi fått to skriv frå Fiskeridirektoratet. I skrivet om uttale til høyring om oppstart dagsett 31.10.2016 står det på side 6 (sitat):

Svært viktige naturtyper fra kartlegging og verdifastsetting av naturtyper i kommunene kan vises på plankartet med hensynssone. Innenfor disse sonene kan det ikke settes i verk tiltak som kan skade de aktuelle naturtypene.

Det gjelder blant annet et gyteområde for blålange utenfor Velsvika, og gyteområder for torsk i indre Dalsfjorden og i Austefjorden. Straumen (mellan Kilspollen og Botnavika) på Straumshamn er en sterk tidevannsstrøm, og Kilspollen er en stor

fiskerik brakkvannspoll med en egen sildestamme. Brakkvannseltaet ved Fyrde i Austefjorden er også svært viktig, og er det eneste velutviklede brakkvannseltaet på Sunnmøre.

I Volda kommune er det registrert betydelige kystnære fiskeridata, og det foreligger registreringer av gyte- og oppvekstområder, kaste- og låssettingsplasser, og områder for både aktive og passive redskap. Vi gjør spesielt oppmerksom på at det er registrert tre gyteområder. To for torsk, i Dalsfjorden og i Austefjorden, og ett for blålange utenfor Velsvika. Det er også registrert ti kaste- og låssettingsplasser i kommunen. Disse må vurderes og ivaretas på en tilfredsstillende måte.

Det samme gjelder området for aktive redskap (reketrål) i Austefjorden. Det er også 16 registreringer av passive redskap (garn, line og snøre).

I skriv dagsett 10.03.2017 «Innspill til arbeidet med kommuneplanens arealdel» er det peika på konkrete interesseområde for fiskerinæringa.

Desse skriva viser at kommunen i arealdelen av kommuneplanen og/eller kystsoneplan kan regulere arealbruk i fjordane spesielt der det er knytt gyteinteresser. Samstundes viser skriva at det i Austefjordområdet er konflikt mellom betydelege verneinteresser og aktivt fiske.

Sidan dette er peika på av Fiskeridirektoratet meiner eg at kommunen i arealdelen av kommuneplanen kan regulere disse interessene i samråd med Fiskeridirektoratet. Vi vil derfor i den vidare planprosessen forsøke å verne Austefjordområdet.